



Grasrotandelen frå Norsk Tipping er ei god ordning.

Grasrotandelen er blitt ei god og sikker inntektskjelde for laga. Dei 4 første månadene dette året brakte denne ordninga frå Norsk Tipping i underkant av 35.000 kr til laga i Uskedalen. Eit flott resultat, men rett nok ein nedgang på knappe 2000 kr frå same periode i fjor.

Det er som venta, laga med aktivitet for barn og unge, idrettslaget og skulemusikken, som får mest med idrettslaget som naturleg topp. Dei har til no i år fått inn vel 18.000 kr medan skulemusikken har fått inn om lag halvparten.

Det er tilsaman 265 spelarar hos Norsk Tipping som har meldt seg som støttespelarar for Uskedalslaga. Dersom det er nokon som ikkje har gjort, vert dei oppfordra til å gjere det. Det kostar ikkje den einkilde spelar eitt øre, men syt for pengestraum til lagskassane. Det einaste ein treng å gjere er å sei frå til Spar, til ein annan kommisjonær eller på nettet neste gang ein spelar.

Nedanfor er ein oversikt over kva det har brakt inn til Uskedalslaga 4 første månadene i år med fjorårsresultatet i parantes:

- Helselaget (31 spelarar): 2566,18 kr (2948,87 kr)
- Idrettslaget (112): 18368,63 kr (19118,90 kr)
- Skulemusikken (77): 9050,75 kr (7859,81 kr)
- Ungdomslaget (18): 1536,58 kr (1774,15 kr)
- Uskedal Utvikling (3): 586,02 kr (ikkje reg. på denne tid i fjor)
- Røysterett for alle (24) 2645,56 kr (4803,06 kr)

Å melda seg som støttespelar gjennom Grasrotandelen er ein flott måte å støtte aktivitetslivet i bygda på.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.